

«AddressBlock»

DERES REF: | VÅR REF: 616929
DOKUMENTKODE: 616929-PLAN-BREV-AD002
TILGJENGELIGHET: Åpen

Bergen, 12. desember 2016

VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID

Fv. 48 Skånevik - Flesjo

Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune skal i samarbeid med Etne kommune i gang med å lage ein detaljreguleringsplan for fv. 48 Skånevik - Flesjo. Vi ber med dette om uttale til planarbeidet.

Skildring av prosjektet


Etne kommune har lenge arbeida med å betre tilknytning mellom E134 og Skånevik. Statens vegvesen har på bakgrunn av dette utarbeid eit utkast «Fv. 48 Skånevik – Håland Strekningsvis utbetring av eksisterande veg». I utgreiinga er det utarbeidd forslag til strekningsvis utbygging og det er bestemt av strekninga Skånevik – Flesjo skal regulerast først. På strekninga Skånevik – avkøyrsløp til Ytre Nes skal det planleggast fortau.

Føremålet med planarbeidet er å sikra naudsynt areal til køyreveg, fortau, grøft og anna vegareal samt sikre naudsynt areal til bygging av vegen.

Første utkast til reguleringsplan skal vere klart innan 30. juni 2017. Etter dette skal planen opp til politisk handsaming for så å leggjast ut på høyring og offentleg ettersyn.

Planarbeidet er i samsvar med kommuneplanen og gjeldande reguleringsplan for området. Det vert difor vurdert at planarbeidet ikkje skal konsekvensutgreiast.

Fv. 48 Skånevik - Flesjø



Kartutsnitt som syner varsla plangrense

Framdrift og frist for innspel/uttale

Vi ber om at de sender uttale, innspel eller andre relevante opplysningar til oss innan **3. februar 2017**. Send det til oss skriftleg anten med vanleg post til:

Statens vegvesen

eller

firmapost-vest@vegvesen.no

Region vest

Askedalen 4

Merk brev/e-post med «16/15572»

6863 Leikanger

Når planen er handsama i komitè forvaltning og lagt ut på høyring og offentlig ettersyn, vil det bli halde eit ope møte der vi presenterer planutkastet. Dette vert annonsert i lokalavisa Grannar og ved oppslag.

Fv. 48 Skånevik - Flesjo

Aktuelt regelverk

Dette varselet er sendt ut i samsvar med plan- og bygningslova § 12-8.

Ta gjerne kontakt

Dersom de har spørsmål om planarbeidet, kan de også kontakte Kari Veseth Kinden på telefon 957 39 184 eller e-post kari.kinden@vegvesen.no

Med vennlig hilsen

Multiconsult

Turid Gråberg

For oppdragsgiver Statens vegvesen